Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
02.11.2022	2022/5275
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda NFR
Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møtebok 27.10.2022 Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Stad: Park hotell Vossevangen, Voss
Dato: 27. oktober 2022

Frammøtte frå nemnda: Runar Tufto, Olav J. Bøtun, Per-Are Halstensgard, Terje Terum, Gunhild Damstuen, Morten Samskott, Caroline Myster, Ragnhild Kvernberg, Ola Dusegard Kristensen (vara ÅI).
Forfall: Petter Sortland, Linda Neset
Frammøtte frå villreinutvala: Håkon Øydvin, Sigurd Vikesland, Hildegunn Mugås

Sekretariat:
Hermund Mjelstad - Statsforvaltaren

Sakliste

14/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste godkjent.

15/22 Val av møteleiar

Vedtak:
Runar Tufto vart valt til møteleiar.

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Villreinnemnda leiar: Runar Tufto, 3576 Hol, Tlf. 90177702, E-post: rtufto@gmail.com
Sakshandsamar: Hermund Mjelstad, Tlf. 57643124, fmsfhm@statsforvalteren.no

16/22 Økonomirapport 2022

Forbruket er som venta, og er noko høgt grunna lunsj til lunsj vårmøte, ein del møter gjennom sesongen og kjøp av tenester. Eit par medlemar har ikkje sendt inn krav for inneverande periode (2020-2022), og eit alternativ er å utsetje dette til neste års budsjett.

Vedtak:
Teke til orientering.

17/22 Kvalitetsnormen vurdering Nordfjella, Anders Mossing, NVS

Anders Mossing heldt eit godt innlegg om kvalitetsnormen og kvifor mellom anna Nordfjella har fått status raudt (dårleg tilstand) i rapporten. Det er delnorm 1 (eldre bukk og helsetatus) som gjev dårleg tilstand grunna utskyting av delbestanden i sone 1, i tillegg til at funksjonelle trekkpassasjer (delnorm 3) får dårleg tilstand. Dei andre parametrane får middels eller god tilstand.

Mossing orienterte deretter kort om arbeidet med reetableringsprosessen (reetablering av villrein i sone 1), og dei tilrådingane som er lagt fram frå gruppa der. Det er semje om (fleirtal for) å nytte bestanden i sone 2 som «donorbestand» for oppbygging av bestanden i sone 1. Men det er mange utfordringar framover og den viktigaste er å oppnå høgst mogleg sikkerheit for smittefriheit i sone 2 bestanden.

Miljødirektoratet har, i samarbeid med kommunane i Nordfjella, vidareført ei stilling som koordinator for reetableringsarbeidet (tidlegare CWD koordinator). Knut Arne Gurigard er tilsett i stillinga og han presenterte seg i møtet. Han har lang arbeidserfaring frå Hallingdal regionråd. Han ser fram til godt samarbeid med kommunane og med villreinnemnd og utval.

Miljødirektoratet og Mattilsynet skal levere sin tilråding til departementa 1. november.

18/22 Søknad om endring av vald i Raudafjell

Framlegg til vedtak:
Søknaden om endring av vald blir godkjent og nytt areal blir lagt til valdet Raudafjell.

Vedtak:
Søknaden blir godkjent.

19/22 Godkjenning av revidert bestandsplan for Fjellheimen villreinområde 2022-2024

Framlegg til vedtak:
Revidert bestandsplan blir teke til etterretning og godkjent.

Vedtak:
Revidert bestandsplan blir godkjent.

Merknad til vedtaket:
Nemnda er bekymra for utviklinga i stammen i Fjellheimen, og oppmodar utvalet om å få gjennomført gode og sikre strukturteljingar og prøve å finne årsak til manglande auke i stammen. Nemnda vil og peike på at fråver av jakt fører til dårleg økonomi i utvalet, og dei bør få tilført ekstra midlar for å kompensere for dette.

20/22 Fellingsresultat og status for Raudafjell villreinområde.

Det vart berre felt 2 eldre bukk av utdelt 11 fellingsløyve. Opprinneleg tildeling var på 25 dyr, villreinutvalet tildelte 11 dyr. Utvalet informerer elles om at det kan sjå ut til at det manglar om lag 30 dyr av flokken som har tilhald i Raudafjell. Usikkert om dei har trekt ut av området. I deler av jakta stod dyra i område som ikkje er tilslutta valdet.

21/22 Status for Fjellheimen villreinområde.

Det var ikkje jakt i Fjellheimen i år, jf. og den reviderte bestandsplanen. Det ligg ikkje føre nokon strukturteljing pr dags dato, men utvalet meiner det manglar for mykje dyr, og at bestanden heller ikkje veks slik den burde. Har ingen konkrete haldepunkt for kvifor det er slik.

22/22 Fellingsresultat og status for Nordfjella villreinområde.

Det vart felt 64 dyr totalt, av desse 25 vaksen bukk. I strukturteljinga i oktober vart det talt opp 281 dyr, inkludert 4 vaksen bukk, 27 bukk 2 ½ år og 33 bukk 1 ½ år. Truleg er det nokre få småflokkar og utanom denne storflokken på 281 dyr.

23/22 Søknad om riving av hytte og bygging av ny hytte ved Julsenvatnet i Ål kommune.

Djup sameige, som eig hytta, har klaga på vedtak i Ål kommune på plasseringa av ny hytte. Villreinnemnda gjekk inn for ny hytte nært den gamle, til liks med fleire andre høyringsinstansar. Djup sameige vil derimot ha ny hytte i eit område som nemnda meiner er meir i konflikt med villreininteressene. Dette er og i tråd med dei andre høyringsinstansane. Saka er no til handsaming i Ål kommune etter at Djup sameige klaga på vedtaket. Villreinnemnda går imot den nye plasseringa som sameiget har omsøkt.

Saka er allereie utsendt frå villreinnemnda og er derfor til orientering.

24/22 Orienteringssaker
- Kjelhovda hyttefelt, Hemsedal. Skal til 2 gongs handsaming 2. november.
- Hovdahøgda hyttefelt, Hemsedal. Nemnda bør prøve å få til eit teams-møte om saka med kommunen.
- Kommuneplan Lærdal. Lite konflikt med villreininteresser, peika på å unngå nye hytter som leiar trafikk/ferdsle inn i villreinområdet.
- Kommunedelplan naturmangfald Hol kommune.
- Kommunedelplan Hol kommune.
- Revidering av kommuneplanens arealdel i Hol kommune. Nemnda er i dialog med kommunen om eit møte om denne i november.

- Status i reetableringsprosjektet for villrein i sone 1. Villreinsenter sør, v/Anders Mossing, informerte om prosessen og tilrådingane frå arbeidsgruppa.
- Status CWD. Ny sannsynlighets utrekning for færre enn 4 smitta villrein i Nordfjella og Raudafjell utarbeidd av Veterinærinstituttet. Sendt ut på e-post til alle medlemane.
- Motorferdselssaker. Kommunane sender i varierande grad kopi av sakene til nemnda. Vi svarer berre dersom det er openberre konfliktsaker.
- Hallingskarvet NP, vurdering av endra tidspunkt for motorferdselsløyve. Nemnda diskuterte dette og vil tilrå at vi held på den datoen som har vore praksis, løyva bør gjelde før 1.april. Nemnda peikar og på at sjølv om simler har trekt vestover for å kalve, vil det framleis kunne vere bukkeflokkar på austsida.
- Kvalitetsnormen, oppstart Fjellheimen 4. oktober 2022. Kort orientering, Olav J. Bøtun er med frå nemnda, og det skal opprettast arbeidsgrupper med lokalkjente for å jobbe vidare med dei enkelte områda.
- GPS-merking kommande vinter. Nemnda tek kontakt med NINA/Miljødirektoratet for meir informasjon om dette.
- Vilkårsrevisjon Arnafjord – Vik, synfaring. Olav J. Bøtun og Morten Samskott deltok på synfaringa med regulanten, NVE m.fl. Inntrykk av at omsyn til villrein vart teke på alvor.
- Ny høyringsrunde Skjelingen hyttefelt, Vik – Fjellheimen. Mindre omsøkt endring i høve tidlegare. Villreinnemnda har tidlegare uttrykt skepsis til fortettinga av hyttefeltet som vil føre til auka ferdsle i villreinområdet. Men planen er godkjent frå tidlegare planprosessar og det er ikkje aktuelt å forfølgje denne saken frå nemnda sin side no.

Eventuelt

- Synspunkt frå nemnda på rutinar for utsending av saker til medlemane. Det fungerer greitt slik det blir praktisert no. Som generell regel gjeld at i kommunale saker blir leiar og nestleiar informert/bidreg saman med medlemen frå den aktuelle kommunen.
- Minner om vårmøtet som blir 19-20. april 2023. Vi kjem attende med møtestad.

Med helsing

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Runar Tufto
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Per-Are Halstensgard
Terje Terum
Runar Tufto
Inger Helene Lervåg
Petter Sortland
Gunhild Damstuen
Morten Samskott
Linda Neset
Caroline Myster
Olav J. Bøtun
Ragnhild Kvernberg

Kopi til:

Solveig Roti Aasen
Kari Mørkve Jordalen
Ingrid Sponheim
Reidunn Bolstad
Ola Dusegard Kristensen
Håvard Engeset
Nina Dalen
Eirin Borlaug
Olav Grøttebø
Sveinung Tyssen Bergo
Olav Wollebæk
Miljødirektoratet
Mattilsynet
Villreinnemnda for Hardangervidda-området
Fjellheimen villreinutval
Nordfjella villreinutval
Aurland Fjellstyre
Raudafjell villreinutval